



Fylkesmannen i Vestland

TILSYNSRAPPORT

Barnehagelova § 19 g

Individuelt tilrettelagt

barnehagetilbod for barn med
nedsett funksjonsevne

Sunnfjord kommune

Bergen, 24. mars 2020

Samandrag

Vi fører tilsyn med Sunnfjord kommune. Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Under dette teamet kontrollerer vi kommunen si plikt til å gjere vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og barnekonvensjonen art. 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen sikrar at barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen kan ta i bruk barnehagetilbodet sitt på lik linje med andre barn.

Tilsynet har avdekt brot på grunngivingsplikta i vedtak, og brot på vurdering av barnet sitt beste i vedtaka.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og hadde ikkje kommentarar til denne. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 19. juni 2020.

Innhold

1	Innleiing.....	4
2	Om tilsyn med Sunnfjord kommune.....	4
	2.1 Temaet for tilsynet	4
	2.2 Om gjennomføringa av tilsynet	4
3	Vedtak om individuell tilrettelegging.....	5
	3.1 Rettslege krav	5
	3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
4	Barnet sitt beste	9
	4.1 Rettslege krav	9
	4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	9
5	Informasjon om klagerett og innsyn	10
	5.1 Rettslege krav	10
	5.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	10
6	Våre reaksjonar.....	11
	6.1 Pålegg om retting.....	11
	6.2 Oppfølging av pålegga.....	11
7	Kommunen har rett til å klage.....	12

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

2 Om tilsyn med Sunnfjord kommune

2.1 Temaet for tilsynet

Tilsynet har undersøkt om kommunen som barnehagemyndigheit sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod i barnehagen, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen artikkel 3.

For å kontrollere om plikta er oppfylt vurderast følgjande:

- Kommunen sine vedtak etter barnehagelova § 19 g

2.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Sunnfjord i brev frå 9. januar 2010. Kommunen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er basert på den skriftlege dokumentasjonen vi har fått av kommunen. Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Eigenvurderingar i RefLex¹, svar på spørsmål 1.9 til og med 1.24, med unntak av spørsmål 1.15, 1.16, 1.17, og 1.19.
- Sunnfjord kommune sitt prinsippdokument Tidleg innsats og spesialpedagogisk hjelp i barnehage, vedlagt Reflex
- Sunnfjord kommune: tre vedtak etter barnehagelova § 19 g, tilhøyrande innmeldingar om behov og sakkunnig vurderinga frå PPT.
- Tidlegare Førde kommune: tre siste vedtaka etter barnehagelova § 19 g, kombinert med § 19 a. I tillegg tilhøyrande innmeldingar om behov.
- Tidlegare Gaular kommune: tre siste vedtaka etter barnehagelova § 19 g, i tillegg til tilhøyrande innmeldingar om behov.

¹ <https://reflex.udir.no/egenvurdering/info/Egenvurdering>

- Tidlegare Naustdal kommune: to vedtak og ei klage tilhøyrande same barn etter barnehagelova § 19 g. I tillegg innmeldingar om behov.

Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsette funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Under dette teamet kontrollerer vi kommunen si plikt til å gjere vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og Barnekonvensjonen artikkel 3.

Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket. I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

Fylkesmannen legg til grunn at det er nye Sunnfjord kommune sine vedtak som er illustrerande for noverande praksis. Vi vil berre hente fram døme frå før kommunesamanslåinga dersom det er naudsynt for å påpeike lovbrøt som ikkje kjem fram i Sunnfjord kommune sine vedtak.

3 Vedtak om individuell tilrettelegging

3.1 Rettslege krav

Vedtaket skal gjerast uavhengig av om vurderinga ender med å innvilge eller avslå. I vedtaket skal kommunen ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25 og barnekonvensjonen artikkel 3. Dette inneber ei konkret og individuell vurdering av barnehagetilbodet, barnet si funksjonsevne og tilpassingsbehov, og korleis barnehagetilbodet kan leggjast til rette for å avhjelpe barnet sitt behov. Det skal gå fram av vedtaket kva for tilrettelegging som blir gitt og varigheita og omfanget av tiltaket. I vedtak om avslag skal kommunen gi ei grunngiving som viser kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

a) Gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen?

Observasjonar

I RefLex svarar Sunnfjord kommune Ja på at dei fattar vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen. I RefLex har dei under dette punktet vedlagt eit dokument som heiter «Prinsippdokument, tidleg innsats og spesialpedagogisk hjelp». På side 11 og 12 er det tatt inn mellom anna aktuelle lovparagrafar og forarbeid knytt til nedsett funksjonsevne. Sunnfjord kommune har sendt inn tre vedtak om ressurs for barnehageåret 2019/2020.

Vurderingar

Fylkesmannen vurderer at Sunnfjord kommune har praksis for å gjere vedtak om individuell tilrettelegging for eit barn i barnehage.

Konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen oppfyller vilkåret i barnehagelova § 19 g andre avsnitt.

- b) Har kommunen i vedtaket tatt stilling til**
- **om barnet har nedsett funksjonsevne?**
 - **om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?**

Observasjonar

I RefLex svarar kommunen Ja både på spørsmålet om dei tek stilling til at barnet har nedsett funksjonsevne, og at dei tek stilling til kvifor barnet treng tilrettelegging for å kunne gjer seg nytte av barnehagetilbodet. Fylkesmannen ser at Sunnfjord kommune i sine vedtak viser til Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) sine sakkunnige vurderingar som grunngeving for alle sine vedtak etter barnehagelova § 19 g. Fylkesmannen kan ikkje sjå at PPT vurderer om barnet har nedsett funksjonsevne, og/eller om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.

Vurderingar

Ifølge forarbeida Ot.prp. nr. 44 (2007-2008) er «nedsett funksjonsevne» definert som: «(...) tap av eller skade på en kroppsdel eller i en av kroppens funksjoner. Dette kan for eksempel dreie seg om nedsatt bevegelses, syns- eller hørselsfunksjon, nedsatt kognitiv funksjon, eller ulike funksjonsnedsettelser pga. allergi, hjerte- eller lungesykdommer». Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen i vedtaka, eller PPT i sine sakkunnige vurderingar har tatt eksplisitt stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne. «Nedsatt funksjonsevne» er eit sentralt vilkår i barnehagelova § 19 g. Lova krev ikkje at ordlyden «nedsatt funksjonsevne» er brukt i vedtaka, men vilkåret skal vurderast. Fylkesmannen vurderer at det ikkje er tilstrekkeleg at lovteksten er tatt inn i vedtaket. Det sentrale er at kommunen faktisk gjer ei vurdering som viser at dei har tatt stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne.

Formålet med barnehagelova § 19 g er å bygge ned dei barrierane i barnehagen som gjer at barnet ikkje kan nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn. Målsettinga med tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g er ikkje ei endring eller utvikling hos barnet. Det er derfor særleg viktig at kommunen ikkje samanblander vurderingar etter bhl. § 19 g med vurderingar om spesialpedagogisk hjelp etter bhl. § 19 a, da desse føresegna har ulike formål. Fylkesmannen vurderer at kommunen ved å vise til sakkunnig vurdering frå PPT, som i stor grad handlar om «særlege behov» etter barnehagelova § 19 a, ikkje i tilstrekkeleg grad tar stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne etter barnehagelova § 19 g.

PPT si rolle

Fylkesmannen observerer at praksis i kommunen er å vise til PPT sine sakkunnige vurderingar, og i stor grad vert sakkunnig vurdering ein del av grunngevinga for vedtaket. Når kommunen viser til sakkyndig vurdering frå PPT som grunngeving for vedtaket, må sakkunnig vurdering oppfylle grunngevingsplikta, jf. §§ 24 og 25. Fylkesmannen kan ikkje sjå at PPT i sine sakkunnige vurderingar tar ei vurdering av vilkåra etter barnehagelova § 19 g. Fylkesmannen gjer merksam på at det ikkje er eit krav i bhl. § 19 g å innhente sakkyndig vurdering frå PPT. Det å vurdere individuell tilrettelegging etter bhl. § 19 g er heller ikkje ei av PPT sine lovpålagte oppgåver. Men vurderingar frå PPT *kan* vere med som eit grunnlagsdokument i ei sak etter bhl. § 19 g, til dømes for å belyse barnet sine generelle utfordringar.

Det ordinære barnehagetilbodet

Kommunen si tilretteleggingsplikt må avgrensast mot barnehagen si plikt og ansvar for tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Det kan utleiast frå barnehagelova §§ 1 og 2, samanhaldt med rammeplanen, at barnehageeigar sitt ansvar for individuell tilrettelegging strekk seg langt. Vedtak om kommunal tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g skal gis til barn som har behov for ei meir omfattande og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet enn det som kan gis innanfor det ordinære barnehagetilbodet.

Sjølv om det konkluderast med at eit barn har nedsett funksjonsevne, kan det likevel tenkast at barnet sine utfordringar kan avhjelpast innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Kommunen må difor grunngi kvifor det ordinære barnehagetilbodet ikkje er tilstrekkeleg i møte med barnet. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen eller PPT i sine sakkunnige vurderingar vurderer kvifor tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet ikkje lar seg gjere. Med andre ord har ikkje kommunen tatt stilling til kvifor barnet har nedsett funksjonsevne i barnehagen.

Tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp

Når det gjeld tilrettelegging etter bhl. § 19 og forholdet til spesialpedagogisk hjelp etter § bhl. § 19 a, vurderer Fylkesmannen at Sunnfjord kommune blander desse føresegna saman. Kommunen sine vedtak etter bhl. § 19 g skildrar og vurderer utfordringar ved barnet som fell inn under det som skal inn i vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Fylkesmannen vurderer at dei innsende vedtaka etter bhl. § 19 g mellom anna omhandlar hjelp og støtte i utvikling og læring. Dette gjeld til dømes tilrettelegging for kommunikasjon og språk, til delt sosialt samspel. Dette strider mot formålet med tilretteleggingsplikta. Målsettinga er ikkje ei endring eller utvikling hos barnet, men å bygge ned barrierane i barnehagen som gjer at barnet kan nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.

Konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje har ein praksis for å ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne. Fylkesmannen konkluderer og med at kommunen ikkje grunngir om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, innanfor det ordinære barnehagetilbodet.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje oppfyller grunngivingsplikta etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

c) Tar kommunen stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn?

Observasjonar

Fylkesmannen kan sjå at det i sakkunnig vurdering er ramsa opp ei rekke tiltak, men Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg vurdert og grunngitt kvifor desse tiltaka er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.

Vurderingar

Det oppstillast eit krav om at tilrettelegginga må vere eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn. Fylkesmannen kan sjå at kommunen ved å vise til PPT sine tilrådingar set inn tiltak i barnehagen i form av ekstra assistentressurs. Kommunen viser i vedtaka til kva tilrettelegging som skal gjerast, og omfanget av tilrettelegginga. Kommunen har likevel ikkje ei grunngiving for kvifor tilrettelegginga ikkje kan skje innanfor det ordinære barnehagetilbodet, noko som og er ei følge etter lovbrøtet i førre kontrollspørsmål. Kommunen har da ikkje vurdert kvifor dei nemnte tiltaka er eigna i den grad at barnet kan bruke barnehageplassen sin. Fylkesmannen gjer også merksam på at tiltak som det er vist til i stor grad rettar seg mot særlege behov, som i utgangspunktet er meint å avhjelpast med spesialpedagogisk hjelp etter bhl. § 19 a, ikkje tilrettelegging etter bhl. § 19 g.

Konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje tek stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje oppfyller grunngivingsplikta etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

Kommentar til vedtak frå Gaular kommune

Fylkesmannen vil under dei to kontrollspørsmåla b og c knytt til grunngivingsplikta trekke fram vedtaka frå tidlegare Gaular kommune. I desse vedtaka har Gaular kommune ikkje vist til PPT sine sakkunnige vurderingar som grunngiving, men fatta vedtak i eit eige fullstendig dokument. Fylkesmannen vil gjere merksam på at Gaular sine vedtak heller ikkje oppfyller grunngivingsplikta, ettersom kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad vurderer og grunngir kvifor barnet sine utfordringar ikkje kan avhjelpast innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Vi trekk her fram Gaular sine vedtak for å belyse at det ikkje berre er bruken av PPT som medfører manglande grunngiving etter bhl. § 19 g, jf. fvl. §§ 24 og 25.

4 Barnet sitt beste

4.1 Rettslege krav

Kommunen må vurdere kva som er barnet sitt beste når det gjerast vedtak, jf. barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, og det skal mykje til for å setje det til side. Kommunen må gjere ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnet sitt behov for utvikling og læring må avvegast mot andre behov, for eksempel deltaking i fellesskapet og kvile.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

d) Tar kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging?

Observasjonar

I RefLex svarar Sunnfjord kommune Ja på spørsmålet om dei tek stilling til kva som vil vere til barnets beste, når dei fattar vedtak om individuell tilrettelegging. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen i vedtaka eller PPT i sine sakkunnige vurderingar eksplisitt brukar ordlyden «barnet sitt beste» i dei innsendte vedtaka.

Vurderingar

Det er ikkje eit krav om at kommunen eksplisitt har brukt ordlyden «barnet sitt beste» i vedtaket. Ein føresetnad for å sjå om det er gjort ei vurdering av barnets beste er at kommunen i tilstrekkeleg grad har grunnlagt vurderingane sine. Som det går fram av dei to føregåande kontrollspørsmåla har ikkje kommunen eller PPT sine sakkunnige vurderinga oppfylt kravet til grunngeving etter forvaltningslova §§ 24 og 25. Det vart særleg trekt fram manglande grunngeving på kvifor tilrettelegging ikkje kan skje innanfor det ordinære barnehagetilbodet. I tillegg har det skjedd ei samanblanding av behovet for tilrettelegging etter bhl. 19 g, og behovet for spesialpedagogisk hjelp etter bhl. § 19 a.

Fylkesmannen vurderer at mangelfulle vurderingar og grunngevingar tilseier at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad tar stilling til barnet sitt beste ved individuell tilrettelegging etter bhl. § 19 g. Det er til dømes ikkje alltid det beste for barnet med vedtak om tilrettelegging etter bhl. § 19 g, dersom tilrettelegginga kunne ha skjedd innanfor det ordinære barnehagetilbodet, på lik linje med dei andre barna. Eller om barnet skulle hatt eit vedtak etter bhl. § 19 a som gjeld spesialpedagogisk hjelp i staden for tilrettelegging etter bhl. § 19 g. Fylkesmannen vil gjere merksam på at det er viktig for barnet sitt beste at vedtak blir gjort etter riktig lovheimel.

Konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad tar stilling til kva som er barnet sitt beste når dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje oppfyller plikta til å ta omsyn til barnet sitt beste etter barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3.

5 Informasjon om klagerett og innsyn

5.1 Rettslege krav

I vedtaka må kommunen informere om klagemoglegheit, klagefrist, klageinstans og om at klagen skal sendes til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27.

5.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

e) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?

Observasjonar

I alle dei innsende vedtaka frå Sunnfjord kommune informerast det om følgande:

«Klage på vedtak. Vedtaket er eit einskildvedtak med klagerett etter forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå dato for motteke vedtak. Klagen skal vere skriftleg og syne til vedtaket. Du skal grunngi kvifor du klagar. Forvaltningslova kapittel VI §§ 28 -32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak. Fylkesmannen er klageinstans, jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast til Sunnfjord kommune postboks 338, 6802 Førde. Dersom kommunen ikkje gjer om på vedtaket vert klagen sendt til Fylkesmannen».

Vurderingar

Fylkesmannen kan sjå at kommunen i vedtaka gir informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen og vurderer at kommunen oppfyller plikta om å gi informasjon om klagemoglegheit.

Konklusjon

Kommunen oppfyller krava i forvaltningslova § 27 tredje avsnitt som gjeld klagemoglegheit.

f) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå saka sine dokumenter?

I Reflex svarar kommunen at dei ikkje informerer om retten til sjå dokumenta i saka, men at det skal etablerast som fast rutine frå «dags dato». I tillegg til kommunen si erkjenning kan Fylkesmannen også sjå av dei innsende vedtaka at kommunen ikkje oppfyller lovkravet. Sjølv om kommunen er merksam på lovbroten, og skriv at dei skal etablere ei fast rutine for dette konkluderer Fylkesmannen på det noverande tidspunkt med lovbroten.

Kommunen oppfyller ikkje krava i forvaltningslova § 27 tredje avsnitt om å informere om retten etter fvl. § 18, jf. § 19.

6 Våre reaksjonar

6.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at Sunnfjord kommune ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Vedtak om individuell tilrettelegging

1. Kommunen oppfyller ikkje grunngivingsplikta etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.
 - Kommunen må i vedtaket grunngi og ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne. Kommunen må grunngi og ta stilling til om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik med andre barn for å ta i bruk barnehagetilbodet sitt.
 - Kommunen må grunngi og ta stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.
2. Kommunen oppfyller ikkje plikta til å ta omsyn til barnet sitt beste etter barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3.
 - Kommunen må ta omsyn til kva som er barnet sitt beste når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging.
3. Kommunen oppfyller ikkje krava i forvaltningslova § 27 tredje avsnitt om å informere om retten etter fvl. § 18, jf. § 19.
 - Kommunen må gi informasjon i vedtaket om retten til å sjå saka sine dokument.

6.2 Oppfølging av pålegga

Kommunen skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 19. juni 2020. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

7 Kommunen har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Kommunen kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å endre vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

Kommunen kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

Kommunen er part i saken og har rett til innsyn i saksdokument, jf. forvaltningslova § 18.

Line Sperre

Julie Daae

Tilsynsleiar

Rådgjevar